

**KOMMISJONSAVGJERD****2016/EØS/65/40****av 8. november 2010**

**om endring av vedtak 95/467/EØF om gjennomføring av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF  
om byggjevarer**

*[meld under nummeret K(2010) 7542]*

(2010/679/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggjevarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 4 bokstav a),

etter samråd med Det faste byggjeutvalet og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonen gjorde 24. oktober 1995 vedtak 95/467/EØF om gjennomføring av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggjevarer<sup>(2)</sup>.
- 2) For å tilpasse systema for samsvarsattestering av varegruppa «SKORSTEINAR, RØYKKANALAR OG SÆRSKILDE BYGGJEVARER» til den tekniske utviklinga, bør vedlegg 3 til vedtaket endrast.

3) Vedtaket bør difor endrast —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

Vedlegg 3 til vedtak 95/467/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerala.

*Artikkkel 2*

Denne avgjerala er retta til medlemsstatane.

Uferda i Brussel, 8. november 2010.

*For Kommisjonen*

Antonio TAJANI

*Visepresident*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 292 av 10.11.2010, s. 55, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 37.

(<sup>1</sup>) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(<sup>2</sup>) TEF L 268 av 10.11.1995, s. 29.

*VEDLEGG*

I vedlegg 3 til vedtak 95/467/EF vert følgjande oppføring sett inn i tabellen for varegruppa «**SKORSTEINAR, RØYKKANALAR OG SÆRSKILDE BYGGJEVARER**»:

| Vare(r)  | Tiltenkt bruk   | Nivå eller klassar<br>(brannmotstand)                                   | System for samsvarsattesting |
|--|---|---|------------------------------|
| «Prefabrikerte skorsteinar (element i etasjehøgd), røykkanalføringer (element eller blokker), skorsteinar med fleire veggar (element eller blokker), skorsteinsblokker med enkel vegg, modular for frittståande og veggfaste skorsteinar, skorsteinshetter | Til bruk som er underlagd reglar for yting ved brannpåverknad | (A1, A2, B, C)(*)<br><br>(A1, A2, B, C)**, D, E<br><br>(A1 til E)***, F | 1<br><br>3<br><br>4          |

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

(\*) Varer/materiale der det på eit klart attkjenneleg stadium i produksjonsprosessen finn stad ei betring av klassifiseringa med omsyn til yting ved brannpåverknad (t.d. tilsetjing av brannhemmende middel eller ei avgrensing av organiske materiale).

(\*\*) Varer/materiale som ikkje er omfatta av fotnote(\*).

(\*\*\*) Varer/materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje treng prøvast (t.d. varer/materiale i klasse A1 i samsvar med vedtak 96/603/EF (TEF L 267 av 19.10.1996, s. 23)).»